

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Buskerud

Tilleggsspørsmål ~~nr.~~ til nr. 36

Herad:

Kemsedal

Emne: Helsing, fakker og atferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899)

Gard:

(adresse): Hammerstadgt. 12 B^g, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måtar å refsa folk på.

Tradisjonsbændne måtar å refsa folk på kan eg ikkje minnast. Det må ha vore like i bruk så seint som i min oppvekst. Derimot kunne det vel henda at folk sa si meining - anten ved atferd eller tiltale (og omtale) - ved einshilde høve, når det fall seg slik. Men det var som oftest ut frå ein inspirasjon i augneblinken.

Døme: Ein snikkar som ei tid budde i ei stove som høyrde min bestfar til, gjikk forbi ei timbre der folk sto og arbeidde. Han sto og såg på dei lite gram, og så sa han: "De timre nordtē" (nordover) d. v. s. skakk. Og så gjikk han. Det var ei finsleg refsing. - Ei jente som meinte seg forsmådd av ein mann, sende han - just som han var trulova med ei onnor - ein lusk med "forglemmigei". Det var nok ei refsing som stakk og mindre finsleg. - Når

me ungane ikkje sopt golvet skitkult,
Efsa dei vaksne oss med å seia:
"Da (når du ikkje sovar friare) får du ei
skurvet kjeriing."

Det som er nemnt i spørjelisten er
uljant så vidt eg veit i mi heimbygd
(frå gammelt av). Folk brøyg inga påminning
om slåttonn og skur, det var i dei
eige interesse å passe tida. Kan heller
ikkje minnast at folk let det skure
med slikk.

At folk vart ille ombala eller fekk
utnamn om dei forsonde det som var
vanleg slikk og sed, det hende nok. Men
eg kan ikkje minnast nokon
tradisjon i samband med såvora. —
Ein mann i grannebygda som under eit
slagsmål fekk bile av seg nokon av sine
nasevinger, vart heitande "Muse-flekken"
all sin dag. (Det såg ut som muse hadde
vore på han). Ein mann i bygda kalla
dei "Granten" — kva grunnen var har eg
aldri høyr. No er det ei vanleg vending å
seia til folk: "De må ta granten mi han
è varm," når dei skal til bords. "Granten"
hadde arbeidsfolk ein dag, og dei han bod
dei til bords, smudde han litt på det
og sa: "De får ta heiten mi han è varm!"

17-8-53.

Ole Redvin